


3.18 Austerdalen

Topografi og landskapsformer

Figur 3.18.1 er eit topografisk kart over Austerdalen og Austerdalsbreen, og områda rundt.




Figur 3.18.1 Topografisk kart over Austerdalen og Austerdalsbreen, samt områda rundt. Kart: norgeskart.no. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no.

Dalbotnen frå Tungastølen og innover Austerdalen er relativt flat og ligg om lag 320-340 moh. Dalsidene er bratte og til dels steile og Austerdalen er omkransa av høge fjell, som t.d. Skyttarpiggen (1411 moh.), Kvitesteinsvarden (1420 moh.). På austsida av dalen går fjelltoppane opp i over 1600 m. Inst i dalen ligg Austerdalsbreen med sine markerte ogivenband og brefalla Lokebreen, Odinsbreen og Torsbreen. Framfor fronten av Austerdalsbreen er det i ferd med å smelte fram ein større innsjø.

Lausmassekart og jordartsfordeling


Figur 3.18.2 syner eit lausmassekart over Austerdalen og områda rundt.



Figur 3.18.2 Lausmassekart over Austerdalen og områda rundt.


Lausmassekartet syner at dalbotnen i Austerdalen er dominert av breelmateriale og moreneryggar avsett av Austerdalsbreen under «den vesle istida». På begge sider av dalbotnen er morenemateriale og lenger oppe i dalsidene er det skredmateriale, hovudsakleg etter snøskred og steinsprang. I munningen av Røysedalen på austsida av dalen er det ei stor flaumskredvifte.

Figur 3.18.3 syner eit LiDAR-kart over breforlandet til Austerdalsbreen. Moreneryggane avsett under 'den vesle istid' kjem tydeleg fram. Morenealdrane er etter Bickerton og Matthews (1993).



Figur 3.18.3 LiDAR-kart over breforlandet til Austerdalsbreen. Morenealdrar etter Bickerton og Matthews (1993). Merk at alderen på nokre av moreneryggane ikkje ligg i kronologisk rekkjefølgje. Dette skuldast usikkerheit med kartlav-metoden (lichenometri), vanlegvis berekna å vere $\pm 10\%$.

Austerdalsbreen er internasjonalt kjend for bandinga, såkalla ogiven, med vekslingar mellom lyse og mørke band, samt midtmorena på overflata av breen (fig. 3.18.4 og 3.18.5). Dei lyse laga er tolka til å representere is som kom ned brefalla til Odin og Tor om vinteren, medan dei mørke banda (sand og grus på og inne i isen) er tolka til å vere is som kom ned brefalla om sommaren. Det er talt om lag 40 lyse og mørke ogivenband, noko som kan tyde på at det er minst 40 år sidan isen i brefronten kom ned brefallet.



Figur 3.18.4 Austdalsbreen med frå venstre brefalla Lokebreen, Odinsbreen og Torsbreen. Legg merke til bandinga (ogiven) og midtmorena på overflata av Austerdalsbreen (norgebilder.no/3D).



Figur 3.18.5 Bandinga (ogiven) og midtmorena på overflata av Austerdalsbreen (norgebilder.no/3D).

Verdivurdering

Moreneryggane avsette av Austerdalsbreen under «den vesle istida» er markerte og tydelege i terrenget. Randmorenane er viktige naturdokument og av stor forskingsmessig interesse både nasjonalt og internasjonalt. Det må derfor ikkje gjerast inngrep i desse moreneryggane og ein bør unngå for mykje stislitasje der stien kryssar over moreneryggane.